


Adressat

**Melding om oppstart av arbeid med detaljregulering i Averøy kommune:
Oppgradering av Kvernes skytterbane (20230001).**

Med heimel i plan- og bygningslova §12-8, melder vi oppstart av arbeidet med detaljregulering for utviding og oppgradering av skytebana på Kvernes på Averøya. 3Dsmia ved Åse Bergset skal utarbeide planen på vegne av Kvernes skytterlag som er tiltakshavar. Planarealet er lokalisert som vist på figurar under.



Figurane over viser planområdet på Averøya. (Kjelde: www.geoinsyn.no)

Målet med planen er å legge til rette for:

- ny leirduebane for stemne-arrangement
- ny elgbane (bevegelege mål)
- utvide klubbhuset for å etablere innandørs bane og større klubblokale
- etablere gapahuk, leirplass og bål plass med tanke på friluftsansettment

Arealet er ikkje regulert tidlegare, men utviding av skytebana er vist i kommuneplanen sin arealdel. Førabels plangrense har eit areal på 232 581 m², men arealet vil truleg verte vesentleg redusert i endeleg plan. Rieber Prosjekt AS har utarbeida eit notat som inneheld plan for det nye anlegget, og beskriv resulterande støy, og AEB AS har utgreia naturfarer. Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført synfaring med tanke på kulturminne i samband med ei tidlegare planlagd frådelling. Ny leirduebane og riflebane i Rieber Prosjekt AS sitt notat, går litt utanom arealet som er avsett i kommuneplanen sin arealdel.

I oppstartmøte 21.04.2023, stilte kommunen seg positiv til planen, og var einig med tiltakshavar om at reguleringsplanen samsvarer med kommuneplanen, og at planen ikkje utløyser krav om KU eller planprogram. På <https://www.averoy.kommune.no/kunngjoringer-horinger/> finn du kopi av planinitiativet, møtereferat og dei nemnde utgreiingane. Dette skrivet blir sendt til aktuelle offentlege etatar, berørte grunneigarar og relevante lag og foreiningar. I tillegg vil oppstart av planarbeidet bli annonsert i Tidens Krav, og planarbeidet blir annonsert på Averøy kommune si heimeside. Der kan du også finne oversikt over kven som er varsla. Spørsmål og innspel til planarbeidet kan rettast til Åse Bergset på e-post: post@3dsmia.no **Frist for å kome med innspel er 26. mai 2023.**

Valsøybotn, 26. april 2023

Med venleg helsing,

Åse Bergset

Åse Bergset

3Dsmia